



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Kristin Øksenvåg, 71 25 85 61

Vår dato
13.04.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår ref.
2015/2246/FMMRKROK/
Dykkar ref.
«REF»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Invitasjon til fagdag om psykososialt læringsmiljø på skuleområdet - Molde 7.mai 2015

Vi viser til oppvekst og utdanningsavdelinga sin aktivitetskaldender for våren 2015, som ligg ute på heimesida vår. Vi viser også til regionale møte i januar/februar, der det m.a. vart gitt informasjon om tema og dato for dagen. Samlinga denne våren blir halde på Quality hotel Alexandra i Molde.

Tema for fagdagen er barn og unge sitt psykososiale læringsmiljø. Elevundersøkinga viser at mange kommunar i Møre og Romsdal har utfordringar når det gjeld å gje barn og unge eit trygt og godt læringsmiljø. Fylkesmannen i Møre og Romsdal satsar derfor særskilt på dette temaet i 2015. Oppvekst og utdanningsavdelinga har oppretta eit samarbeid med *Nasjonalt senter for læringsmiljø og åtferdsforskning* ved Universitetet i Stavanger (UiS), til dagleg kalla *Læringsmiljøsentret*. Læringsmiljøsentret er ein sentral samarbeidspartnar for nasjonale styresmakter og ein viktig bidragsyter i arbeidet med å betre læringsmiljø for barnehagebarn, elevar, lærlingar og vaksne. Janne Støen, universitetslektor ved UiS og leiar av *Læringsmiljøprosjektet*, vil halde innlegg om mekanismane i mobbing, avdekking og stopping av mobbing.

I tillegg til å legge til rette for fagleg påfyll og utvikling, vil Fylkesmannen i år rettleie og følgje opp kommunane gjennom tilsyn på kapittel 9A. Rettleinga vil vere ein del av programmet denne dagen.

Målgruppe for fagsamlinga er skulefagleg ansvarleg i kommunane og fylkeskommunen, skuleleiarar, leiarar i PPT, samt representantar frå KS, Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet Møre og Romsdal og Skolelederforbundet Møre og Romsdal. Innhaldet for dagen er retta mot skuleområdet, men representantar frå barnehagesektoren er velkomen til å delta.

Kostnad: Dagpakke inkl lunsj kr 465,- gjer den enkelt deltaker opp med hotellet sjølv. For fakturering må det avtalast på førehand med hotellet.

Påmelding: Bindande påmelding innan **29.april 2015**. Påmelding skjer elektronisk ved å følge linken¹ under. Spørsmål om påmeldinga kan rettast til epost: fmmrkurs@fylkesmannen.no eller telefon 72 25 84 09 eller 71 25 85 05.

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
utdanningsdirektør

Kristin Øksenvåg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:
Program for dagen

¹ <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Fagdag-for-kommunane-pa-skoleområdet/>